



Kommunen ved saksbehandlar Jon Harald Kjærland har gjeve ei positiv uttale til søknaden frå Elin og Geir Enes på Feet om ny avkøyrslø frå fylkesvegen til planlagt næringsbygg. Kommunen har ikkje motteke byggjesak enno, men Kjærland har hatt konferanse med dei og fått opplyst at bygningen vil bli plassert meir enn 15 meter frå senter i vegen. Arealet er definert som LNF-område.

Utifrå dette slår Kjærland fast at kommunen tilrår søknaden slik den ligg føre og sender den til vegvesnet til handsaming etter veglova. Han peikar på at det er liten trafikk på denne fylkesvegen opp Uskedalen mot Haugland og Musland og vegen er oigså oversiktleg.

Utkøyring er tenkt plassert lengst mogeleg frå driftsbygning slik at sikt blir best mogeleg.

Kjærland ber om at parkeringsarealet må avsluttast med kantstein eller liknande slik at utkøyrslø blir definert og avkøyrslø trafikktrygg.

På biletet over blir avkøyrslø lengst til venstre. Og med dette er prosjektet sendt over til vegvesenet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen